

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Delegasjonsvedtak kommunalteknikk	31.03.99	JHB	056/99

<b>Avgjerd av:</b> Fagsjef for kommunalteknikk	<b>Arkiv:</b> 561.2	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksansv.:</b> Jens H. Bjordal	<b>Objekt:</b> 34-5	9901061

### UTVIDING AV EKSISTERANDE TILKOMST - FRITIDSEIGEDOM, GNR 34 BNR 5.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.03.99	Roald Bjørndal	SØKNAD OM UTVIDING AV EKSISTERANDE TILKOMST - FRITIDSEIGEDOM, GNR 34 BNR 5.

#### Saksutgreiing:

Det er søkt om utviding av gangveg med parkeringsplass for bil for hytteeigedom, gnr 34 bnr 5 i Bjørndalen.

Hytta har frå før ein enkel tilkomst, men ikkje biloppstillingsplass. Grunna terrenget vil det vera vanskeleg å laga til vanleg avkøyring til hytta.

#### Vurdering:

Omsøkt parkeringsplass m/gangveg vil vera ei tenleg ordning for brukar av hytta. Ordninga vil heller ikkje vera til ulempe eller sjenanse for trafikken på Bjørndalsvegen.

#### VEDTAK:

Fagsjef for kommunalavdeling for tekniske tenester gir løyve til parkeringsplass og gangveg for gnr 34 bnr 5 slik som omsøkt i brev av 16.03.99.

Det må lagast til veggroft mellom parkeringsplass og terreng slik at vatn ikkje renn ut på kommunal veg.

Vedtaket er gjort med heimel i veglova § 40 og etter delegert fullmakt frå Rådmann.

**Rett utskrift**

**Dato: 20.04.1999**

**ROALD Bjørndal**

**Kopi til:**

Roald Bjørndal  
Drift-/vedlikehold v/Egil Gripsgård  
Meland formannskap